



ÅRSPLAN



Innhald:

1. Mosmarka barnehage SA
2. Verdiplattform
3. Arbeidet rundt barna
4. Anerkjennning
5. Tilknytning mellom barn og vaksne
6. Tilvenning og overganger
7. Likestilling og likeverd
8. Barnas verneombud
9. Lokalkultur
10. Vaksenrolla
11. Foreldresamarbeid
12. Sentrale områder frå Rammeplan for barnehage
13. Sosiale media
14. Tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte
15. Samarbeidspartar
16. Dokumentasjon
17. Relevante lover, planar og føreskrifter



1. Mosmarka Barnehage SA



Mosmarka Barnehage er ein privat foreldreeigd barnehage (SA) som opna i oktober 1995. Styret/årsmøte fastsett vedtekter for drifta. Barnehagen skal ikkje dele ut eventuelt overskot, dette skal gå til styrking av eigenkapitalen.

Barnehagen ligg i byggefeltet Mosmarka med utsyn over Ørsta sentrum. Vi har eit stort og variert uteområde med skog, gapahuk, grillhytte, klatrestativ, reier, akebakke, sykkelstiar, sklier, karusellar og ballbinge. Naturen rundt oss vert flittig brukt i kvardagen vår. I tillegg har vi to minibussar (17 og 9 seter), som gjer at vi kjem oss til nye spanande plassar i nærmiljøet. For meir informasjon, besøk heimesida vår.

Barnehagen har plass til 45 barn under tre år, og 72 plassar for born over tre år.

Barnehagen er open kvardagar frå kl. 07.00-16.45 heile året.

Denne planen er eit arbeidsdokument for dei tilsette i Mosmarka barnehage SA, men samstundes er det eit innsynsdokument for kommuna, foreldre og andre.

Barnehagen skal driftast etter dei lover, føreskrifter, konvensjonar og vedtekter som til ei kvar tid er gjeldande. Planen tek utgangspunkt i [Rammeplan for barnehagen](#) og [lokal rammeplan](#) for Ørsta.

Kontaktinformasjon finn dykk på www.mosmarka.barnehage.no

2. Verdiplattform

Verdiplattforma vår ligg til grunn i alt arbeid vi gjer i barnehagen. Verdiplattforma inneheld fokusområde, kjerneverdier og pedagogisk grunnsyn. Under her kjem det meir informasjon om desse punkta.

Fokusområde:

Mosmarka barnehage er ein barnehage med fokus på **vennskap, motorikk og naturopplevingar.**



- **Vennskap:**

Vi vaksne skal legge til rette for å:

- skape eit inkluderande miljø gjennom å samtale med barna, forstå kvart barn sitt behov, legge til rette for lek i grupper og passe på at alle barn er inkludert i lek saman med andre.
- lære barna korleis ein er ein god venn. Vi lagar vennereglar saman med barna, vi er tett på og rettleiar barna når dei treng det, vi er gode rollemodellar i ord og handling, og vi framsnakkar gode handlingar når vi ser det.
- førebygge mobbing. Gjennom å legge til rette for felles opplevingar og tema, vi framsnakkar kvarandre og er bevisst på korleis vi framstår. Vi har ulike pedagogiske hjelpemiddel om vennskap og kjensler. Vi skal ta grep med ein gong vi er uroa for noko.



- **Motorikk:**

Vi vaksne skal legge til rette for:

- at barna skal få oppleve god utnytting av det fysiske miljøet, både ute og inne, som fremjar motorisk utvikling tilpassa deira behov og utviklingsnivå.
- Aktivitetar som stimulerer finmotorikken som t.d. klipping, teikning, blyantgrep, pinsettgrep og auge-hand koordinasjon.
- aktivitetar som stimulerer grovmotorikken som t.d. krype, hoppe, hinke, klatre, kaste, balansere og rulle.

- **Naturopplevingar:**

Vi vaksne skal legge til

- turar der barna får sansane sine for å



rette for:
oppleve å bruke
få

førstehanderfaringar med naturen og oppleve glede av å vere i naturen.

- mykje uteleik i og utanfor barnehageområdet slik at barna skal få erfare dei ulike vêrforholda og underlaga ute. Vi er ute i all slags ver.
- at barna får oppleve og lære om endringane i naturen i høve dei ulike årstidene og undre seg over liv i naturen.

Kvar avdeling skriv meir om korleis fokusområda kjem fram for si avdeling i sin avdelingsplan.



Kjerneverdier:

Barnehagen har fire kjerneverdier som skal spegle det arbeidet vi gjer. Vi vil at barna, foreldra, personalet og andre skal tenke dette om oss:

- Raus
- Tryggleik
- Glede og humor
- Vennskap

Det å vere **raus** med andre er viktig for at samfunnet vårt skal vere godt å leve i for alle. Å respektere, ta omsyn til, hjelpe og løfte kvarandre fram for å vere eit medmenneske set vi høgt. Å kjenne **tryggleik** er eit grunnleggande behov for både barn og vaksne. Vi bruker tid på å bli kjende med og forstå kvart enkelt barn for at dei skal føle seg trygge i barnehagen. Vi er nær barna gjennom dagane slik at vi kan vere støttande både i sosial, kognitiv og motorisk utvikling. Tydelege grenser som vert sette av trygge vaksne er essensielt for ei god utvikling for alle barn. Vi er nær slik at barna kan utfalde seg i trygge rammer i barnehagen. Gjennom tryggleik oppstår ofte **glede og humor**, noko som gir grunnlaget for god psykisk helse gjennom livet. Ein god latter forlenger livet og vi vil at barnehagen skal vere ein plass der latteren og glimtet i auga sit laust. Det å kunne tøyse og sleppe seg lause saman lagar gode minner og dannar fellesskap. Dette fører oss over til den siste kjerneverdien vår som er **vennskap**. Vi vil at alle barn skal få oppleve vennskap og høyre til i fellesskapet. Det å kjenne at andre vil vere saman med deg og at nokon er glade i deg er kanskje ei av dei beste kjenslene ein kan ha. Vi legg stor vekt på å danne gode relasjonar mellom barna og mellom barn og vaksne gjennom leik, tema, opplevingar og ved å vere gode rollemodellar. Vi har laga eigne arbeidsdokument for personalet rundt kjerneverdiane våre, desse ligg i filarkivet for personalet.



Pedagogiske grunnsyn:

Vi skal sjå kvart enkelt barn, deira kompetanse, deira glede over å meistre og deira rolle i det sosiale samspelet.

Vi vaksne skal legge til rette for:

- eit inkluderande miljø der alle får vere som ein er.
- kvart enkelt barn utifrå deira behov.
- å la barna medverke ut ifrå alder og modning. For dei yngste inneber dette å kunne tolke kroppsspråk, mimikk og eit begynnande verbalt språk til det beste for barnet. For dei eldste må vi ta oss tid til å lytte, samtale og reflektere saman for barnet sitt beste.
- å nytte personalet sin kompetanse og erfaringar til å skape ein spennande og lærerik kvardag for barna.
- å være nær barna for å observere og kartlegge kvar dei har kome i både fysisk og psykisk i utvikling.
- å gi omsorg, skape gode relasjonar og kommunisere tydeleg. Dette for at barn skal kunne knytte seg til andre menneske.
- å være gode modellar som rosar ynskja åtferd. Vi skal få barna til å føle meistring og at dei betyr noko for andre.
- å støtte barna til gode sosiale ferdigheiter.

Verdiplattforma vår ligg til grunn for alt vi gjer i barnehagen, dette er noko som ligg i ryggmargen vår. Pedagogisk arbeid går føre seg gjennom heile dagen, i planlagde aktivitetar, i overgongar og når barna er i frileik. I barnehagen tileignar barna seg sosial kompetanse gjennom leik og aktivitet heile dagen. Personalet i barnehagen er bevisst på si rolle som tilretteleggarar av det fysiske miljøet, og at vi er organisatorar av aktivitetar/tema og gode rollemodellar.

Avdelingane jobbar litt ulikt med tema for året. Det vil i dei ulike avdelingsplanane stå korleis dei utfører det pedagogiske arbeidet på avdelinga. Barnegruppene og personalet er forskjellige, men verdiplattforma er lik for heile barnehagen. Avdelingsplanar ligg i filarkiv for personalet, og vert delt med foreldra før oktober kvart år.

3. Arbeidet rundt barna

Personalet i Mosmarka barnehage vil at desse punkta skal representere det vi tenkjer er viktigast i arbeidet med kvart enkelt barn og barnegruppe.

- Barna skal verte behandla med likskap og anerkjenning.
- Barna skal få stetta behova for omsorg, tryggleik og tilhøyrslø.
- Vi skal respektere kvart enkelt barn og barnet si utvikling.

Slik gjer vi det:

- Ved å verte kjend med barnet i leik og aktivitetar vil vi erfare og kartlegge barnet sitt behov for omsorg, tryggleik og tilhøyrslø.
- I tilvenning og i foreldresamtalar vil barnehagen innhente informasjon frå foreldra om kva barnet likar, er flink til, har behov for og evt. kva utfordringar barnet har.
- Ved behov, kan enkelte utfordringar i barnegruppa diskuteras i deler eller heile personalgruppa til beste for barnet.
- Personalet skal motivere barna gjennom konkret anerkjenning og ros.
- Personalet samtalar avdelingsvis omkring :
 - barnegruppa og enkeltindivid sine behov
 - relasjonen i barnegruppa
 - grensesetting
 - ulike utviklingspunkt som til dømes språklege-, motoriske-, sosiale- og leike- utvikling.

4. Anerkjening

Vi vaksne skal ha ei anerkjennande haldning til alle barn i barnehagen.

Anerkjening inneheld ingrediensar som lytting, forståing, aksept, toleranse, stadfesting og openheit.

Anerkjennande kommunikasjon er ikkje berre ein måte å snakke på, men ei grunnhaldning. Vi skal sjå barna og ta deira oppleving, tankar og kjensler på alvor. Gjennom å sjå, lytte og bekrefte det barna seier med ord, kroppsspråk og mimikk viser vi ein anerkjennande kommunikasjon. Vi må gi barna reell medverknad i eigen kvardagen. Det betyr ikkje at barna alltid kan få det som dei vil, men at dei vert møtt med forståing og respekt for sin reaksjon gjennom anerkjennande kommunikasjon.



5. Tilknytning mellom barn og vaksne.

Å ha ei trygg tilknytning til dei vaksne er viktig for alle barna for å ha ein god barnehagekvardag. Dette er noko vi set av tid til, spesielt ved oppstart i barnehagen og overgongar til nye avdelingar. I tilvennings og tilknytingsprosessar er det spesielt to behov for alle barn. To behov som går i kvar si retning, men som likevel heng tett saman:

- Tilknytning: Barnet si avhengigheit og behov for beskyttelse og omsorg.
- Utforsking: Barnet si sjølvstendigheit og behov for å meistre og undersøke verda.

Desse to behova heng saman. For å kunne utforske må barn kjenne seg trygge og beskytta. Det vil seie at barna må ha ei viss ro inni seg for å klare å vere nysgjerrig i verda. På den andre sida: medan barna utforskar verda, kan dei verte både redde, sinte og trøtte. Då kjem behovet for nærleik og tilknytning fram igjen. På denne måten er både tilknytingsbehovet og utforskingsbehovet avhengig av kvarandre, og korleis behova vert ivaretatt er grunnleggande for barna sin tryggleik og livsglede. Når vi skal hjelpe barn til å kjenne seg trygge, må vi difor vere merksame på kva dei føler og kva dei treng- barn treng å bli forstått innanfrå. Først då kan vi møte dei slik at dei kjenner seg sett. Vi vaksne skal vere både ei trygg base for barna der vi støttar dei i utforsking, og ei trygg hamn der vi tek imot dei når dei søker til oss.

• 6. Tilvenning og overgangar

Barnehagen har utarbeida egne planar for tilvenning og overgangar. Du finn informasjon på heimesida og det ligg meir utfyllande planar og skjema på filarkiv for personalet. Ørsta kommune har og planar for overgongar, dei ligg på delte diskar i orstabarnehagen.no for tilsette.

Overgang barnehage-skule, 6-årsklubb:

«Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen... Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer på skulen og i skulefritidsordninga» (RP 2018).

6 årsklubben startar i oktober kvart år, og har samling 1- 2 gongar i veka fram til sommarferien. Vi startar kvar 6 årsklubb med samling og legg fram eit tema eller aktivitet som vi skal jobbe med.

Aktivitetane i 6-års klubben held på barnehagen sin eigenart og er derfor prega av leik, men gir samtidig barna ein smakebit av noko dei møter skulen. Til dømes:

- tal, former, bokstavar og sortering.
- førstehjelp
- psykologisk førstehjelp
- brettspel og leikar
- aktivitetsbok

Når det nærmar seg skulestart har vi overgangssamtale med skulen, vi vil då sende ut eit skjema som gir oss løyve til å snakke med skulen.

Andre ting som vi gjer på 6 årsklubb er:

- besøk på skulane i sentrum
- rosaruss i mai
- overnatting i barnehagen
- ansvaret for Luciadagen

7. Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.» (Rammeplan for barnehagen).

Dette skal vi gi barna eit tidleg møte med. Gjennom ei anerkjennande haldning, legg vi grunnlaget for respekt, ny lærdom, erfaringar og nye vennskap. Kunnskap om andre sine levemåtar er med på å forebygge utanforskap og framandfrykt for det ukjende, og fremjar likestilling og likeverd.

Vi vaksne skal legge til rette for:

- det fysiske miljø inne og ute, slik at det er inkluderande og inneheld varierte, utviklande og inspirerande leikemoglegheiter.
- anerkjennande haldning til barna når dei utforskar. Til dømes gutar som kler seg ut i mor-/far- leik, jenter som leikar med bilar.
- gjennomtenkt organisering av barnegruppene med tanke på kjønn, fleirkultur m.m.
- inkluderande miljø for menneske med funksjonshemmingar, andre kulturar og levesett m.m.
- styret og styrar arbeider for eit vaksenmiljø med både mannlege og kvinnelege rollemodellar.

8. Barnas verneombud

Alle barn har rett til å ha det trygt og godt, både i barnehagen og heime. *Barnas verneombud* er eit nasjonalt tverrfaglig kunnskapsløft i barnehagane som PBL arrangerer. Satsinga skal mellom anna heve kunnskapen og kompetansen til barnehagetilsette om vold, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot barn for å kunne forebygge, varsle og bidra til å hjelpe dei minste og mest sårbare.

Vi har det på “timeplanen” for både barn og personal kvart år. Vi tilpassar innhaldet etter barna sin alder og modning.

Mål:

Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgsvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette.

Barnehagen skal bidra til at barna

- vert kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.
- får kjennskap til menneskekroppen.
- blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler.
- set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser.

Personalet skal

- bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser.
- kjenne til og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn.

(Rammeplan for barnehagen, Oslo 2017).

Slik gjer vi det:

0-3 år:

- **tema «kroppen min»:** Sette navn på alle kroppsdelar. Sjå på samtalekort og plansjar om kropp, ha bilder på veggen av kroppar til gutar og jenter. Snakke om kva vi kan bruke kroppen til for å få eit positivt bilde av eigen kropp. Hoppe, klatre, rulle osv. Hjelpe barna å sette grenser for eigen kropp og handling, kva er greit og ikkje greit? Når er det greit å klemme, kysse, ta på seg sjølv eller andre?

- **tema «kjensler»**- glad, trist, lei, sint, redd.
- **tema “familien min”** Vi ser på bildane på “husa” til barna og snakkar om ulike familier.
- **bøker:** Vi har heile året tilgang på ulike bøker som inneheld tema kropp, følelsar og liknande.

3-6 år:

- **tema “Kroppen”:** Barna lærer om korleis kroppen ser ut, kva dei ulike kroppsdelane heiter og korleis den ser ut på innsida.
- **mindre samlingar 6-8 barn og 2 vaksne:** Her brukar vi samtalekort om kropp og kjensler, Livet&sånn.no, Psykologisk førstehjelp, ulike plansjar. Vi snakkar om gode og dårlege berøringar, at ingen har lov til å ta på private områder, gode og dårlege hemeligheiter, at det er lov å seie nei/stopp, at ein alltid kan snakke med ein vaksen når ein er lei seg eller redd, glad eller spent.
- **vaksne tett på:** Vaksne som er tett på barna gjennom dagen og kan rettleie, samtale og reflektere saman med barna.
- **bøker:** Bøkene inneheld tema som kropp, korleis ser heile kroppen ut, ulike familiar, kjensler og liknande.

[Barnas verneombud | PBL](#)

9. Lokalkultur

Ørsta kommune har laga ein kommuneplan om [Kulturminne og -miljø](#) som er gjeldande frå 2018-2025 Her finn ein kunnskap om lokale kulturminne som er relevante å gjere seg nytte av i barnehagen.

Dei minste er på tur i nærmiljøet rundt barnehagen, dei større barna kan nytte minibussane og reiser lenger. Som til dømes Hovdebygda, Volda, Sæbø, Liadal, Lid, eller biblioteket i sentrum. Vi ser gjerne på kvar barna bur, ulike arbeidsplassar og stadar i Ørsta, som til dømes kyrkja, brannstasjon og gardar med dyr osb. Vi brukar Ivar Aasen-tunet som fremjar nynorsk kultur og lesing av nynorske bøker. Kvart år i november inviterer Aasen-tunet alle barnehagane i Ørsta og Volda til å jobbe med den same nynorske barneboka. Då les vi den, lagar kunst inspirert av boka og til slutt stiller det ut i Aasentunet. Dette brukar vi oftast å vere med på.



10. Vaksenrolla:

Som arbeidstakar i Mosmarka barnehage skal eg kjenneteiknast ved å:

- vere ein lojal medarbeidar (sjå filarkiv personale).
- vise tillit og omsorg til både barn, kollegaer og foreldre.
- respektere andre sine meiningar og arbeidsmetodar, og vise god evne til å samarbeide.
- vere ein aktiv vaksen som tek del i barna sin leik både inne og ute.

Slik gjer vi det:

- vi har ein tydeleg kommunikasjon.
- vi er tillitsfulle og viser gjensidig respekt og likeverd.
- vi lyttar til andre sine meiningar, har forståing for at vi er forskjellige og viser toleranse og interesse.
- er aktive vaksne ved å kartlegge leiken og setje i gang leikegrupper, tilføre nye leiketema, engasjere seg i utforming av det fysiske leikemiljøet m.m.

11. Foreldresamarbeid:

Personalet i Mosmarka meiner dette er viktig i eit godt foreldresamarbeid:

- samarbeid med heimen skal alltid ha barnas beste som mål.
- god kommunikasjon, til dømes gjennom dagleg samarbeid ved levering og henting. Informasjon vert overgitt begge vegar.
- foreldra skal ha tillit til barnehagen og dei som arbeider her. Dei skal føle at barnehagen er ein trygg plass å levere barnet.

Dømer på arbeidsmåtar for å oppnå gode relasjonar og møtepunkt for foreldra og barnehagen:

- rutinar for å sikre god tilvenning (informasjonsskriv).
- rutinar for å sikre god overgang til storbarn (informasjonsskriv).
- samtalar i kvardagen – bringe-, hentesituasjon.
- dialog via telefon, sms og mms ved behov.
- individuelle foreldresamtaler. Ein haust og ein vår. Ekstra samtale ved behov.
- foreldremøte haust og ved eventuelt andre høver.
- foreldreråd.
- samarbeidsutval med foreldrerepresentantar.
- dugnad.
- årsmøte kvar vår.
- FN-dagen i oktober, foreldrekafe
- påskefrukost der foreldra vert invitert.
- sommarfest der foreldra vert invitert.
- brukarundersøking kvart år før jul.
- heimeside med informasjon omkring planar, opplegg, bilde frå turar og liknande.

Føresette sine forventningar til samarbeid med barnehagen vart formulert på eit foreldremøte:

- det må vere enkelt å ta kontakt/ lågterskel.
- forventning om å verte høyrd og sett. At personalet tek seg tid.
- eit «god morgon» eller «hei» når ein kjem og eit «hade» når dagen er omme.
- personalet må informere om barnet sin kvardag.
- at ein har god kommunikasjon slik at ein til dømes kan nå mål som er sett i foreldresamtale.
- at ein får informasjon omkring endringar i personalgruppa.

- gir man ein beskjed til ein i personalet, må denne formidlast vidare til dei andre på avdelinga.
- dersom ein skal ta opp spesielle ting, treng ein ikkje å snakke over hovudet til barna men be om ein samtale.

12. Sentrale områder frå Rammeplan for barnehage

Til grunnlag for alt arbeid i barnehagen ligg Lov om barnehage og Rammeplan for barnehage. Under har vi tatt med litt om nokre sentrale punkt og fagområda ein finn der. Her har vi delt det inn for å vise progresjon mellom småbarn og storbarn

Leik

Eit avgjerande grunnlag for barnet si utvikling og læring, er barn sitt samspel med andre mennesker. Leik i lag med andre barn er med på å styrke barna sin sosiale kompetanse, språk, fantasi og empati. Det er viktig at vi vaksne i barnehagen legg til rette for gode leikerammer som skapar glede, humor, spenning og engasjement blant barna, anten dei leiker aleine, med andre, ute eller inne.

Vaksenrolla er viktig for leiken. Personalet skal hjelpe og støtte barna i leiken. Dei skal vise barna t.d korleis dei skal søke kontakt med dei andre barna, og dei skal rettleie og reflektere saman med barna.

Her er nokre eksempel på ulike leikeformer i barnehagen:

Småbarnsavdelingane	Storbarnsavdelingane
<p>Leiken ber preg av ulike leikeformer som:</p> <ul style="list-style-type: none">▪ paralell leik▪ toddlerleik▪ imitasjonsleikgryande rolleleik▪ konstruksjonsleik <p>Barnehagen skal legge til rette for trygge og gode leikerammer for barna.</p> <p>Dei vaksne på avdelingane er deltakande og rettleiande i leiken og legg til rette for leik i små grupper.</p>	<p>Leiken ber preg av dei ulike leikeformene som pregar alderen:</p> <ul style="list-style-type: none">▪ motorisk leik▪ regelleik▪ rolleleik▪ konstruksjonsleik <p>Vaksenrolla skal vere støttande, deltakande og rettleiande for å gjer leiken meir verdifull på barna sine premissar.</p> <p>Leiken ber preg av meir språkleg samhandling og at barna kan leike det same over lengre tid.</p>

Omsorg

Omsorg er essensielt for at barn skal kjenne seg trygge, trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. For oss er det viktig at barna skal kjenne seg godt ivaretatt, og vi i personalet skal balansere humor og rausheit med faste rammer og tydeleg grensesetting. Omsorga tek ulik form. Eit fang å sitte på, ei hand å halde i, trøyst når noko er vondt, kvile og aktivitet og hjelp til sjølvregulering. Uansett kva form omsorg tek, er det viktig at vi vaksne i barnehagen er engasjerte i barna, viser at vi bryr oss og er anerkjennande. Dette er gode rammer som skaper tillit og tryggleik. Når ein får omsorg er det og lettare og gi omsorg til andre, vi viser til barna gjennom ord og handling at vi verdset omsorgshandlingane barna gir vidare når dei hjelper andre.

Ein god relasjon mellom barn og vaksne vil vise att i relasjonane mellom barna.

Her er nokre eksempel på korleis barna skal få oppleve omsorg i barnehagen:

Småbarnsavdelingane	Storbarnsavdelingane
<ul style="list-style-type: none">▪ vaksne som er tilstades der det skjer. Vidare treng barna at vi er nede på gulvet og er tilgjengeleg når dei treng det.▪ ro og kvile.▪ vaksne som legg til rette for gryande vennskap.▪ faste og trygge rutiner i kvardagen.▪ gode rollemodellar for å gi og ta imot omsorg, barnet begynner å oppdage empati og nestekjærleik med hjelp og rettleiing frå vaksne.	<ul style="list-style-type: none">▪ dei vaksne er tilstades der det skjer, og har eit fang når barna treng det.▪ gir barna tid til undring i kvardagen.▪ vi bruker samling som ein arena for læring, med tema som nestekjærleik, empati og vennskap.▪ gi barna rom for undring over eigne val og handlingar ilag med ein vaksen. T.d. når ein har gjort noko ein ikkje skal gjere.▪ vi vaksne hjelp barna å halde på dei vennskapa som dei har danna.▪ vi legg til rette for at barna skal hjelpe kvarandre, dei eldste hjelp dei som er yngre t.d.

Danning

Danning er det som skjer i barnet sitt samspel med omverda. Det er ein prosess som skjer gjennom heile livet. Gjennom danning vert verdiar, normer, tankar, handlings- og uttrykksmåtar lært. Barnehagen skal bidra til at barnet tileignar seg viktige verdiar og normer i fellesskapet. For at danning skal kunne skje treng ein å sjå ting i samanheng. Dei vaksne i barnehagen er gode rollemodellar for refleksjon og samtale. Vi overfører verdiar, normer, reglar, kultur og eigenskapar til barna rundt oss. Det er vår plikt å rettleie barna, men samtidig respektere barnet sin eigenverdi og sjølvstende. Danning skjer der det er tryggleik og gjensidig respekt for alle partar.

I barnehagen legg vi mellom anna til rette for danning gjennom:

Småbarnsavdelingane	Storbarnsavdelingane
<ul style="list-style-type: none">▪ hjelpe barna og støtte deira nyskjerrigheit.▪ aktivitetar som gir impulsar knytt til alder og interesser.▪ oppleve omsorg, friedom og medverknad tilpassa alder og utvikling.	<ul style="list-style-type: none">▪ barns medbestemming.▪ invitere barna til utforskande samtalar og utfordre tenkinga deira.▪ skape refleksjon i kvardagen.▪ aktivitetar og tema som gir impulsar knytt til alder og interesse.▪ opplever omsorg, friheit og medverknad tilpassa alder og utvikling.

Læring

Barnet er i konstant utvikling og vil lære av alt det gjer og opplever. I barnehagen legg vi til rette og gir rom for at barna får oppleve, erfare, reflektere og sanse med alle tema og aktivitetar som vi gjer. Vi vaksne er medvitne og oppdatert i barna sine interesser og legg opp til at barna får medverke til tema som vi skal ha, og elles spontant i kvardagen. Det å prøve sjølv og klare sjølv er ein stor del av læring. Vi oppfordrar og legg til rette for at barna skal strekke seg etter å prøve sjølve og vere gode hjelparar for kvarandre. Dette er noko vi framsnakkar og gir dei tid til i kvardagen. Vi oppfordrar og foreldre til å gjere det same for barnet sitt.

Leiken er ein stor arena for barna si læring. Personalet legg til rette for ulike typar leik som passar til barna sin alder og utvikling. Tema som vi har i barnehagen er ein arena for læring og leik, og lagar ei felles plattform som barna kan bruke som utgangspunkt i leiken. Då vil alle barna ha kjennskap til temaet i leiken og lære av kvarandre, stille spørsmål og finne svara saman med andre.

Dette er nokre døme på korleis vi arbeidar med barna si læring på avdelingane i barnehagen:

Småbarnsavdelingane:	Storbarnsavdelingane:
<ul style="list-style-type: none">▪ læring gjennom sansane er viktig i småbarnsstadiet.▪ tilgjengelegheit og variasjon i leiker på avdelingane.▪ vi vaksne skal vere undrande og støttande ilag med barna.▪ la barna få prøve sjølv.	<ul style="list-style-type: none">▪ barna skal få vere med å bidra til tema som vi skal jobbe med gjennom året.▪ vi vaksne skal vere undrande og nysgjerrige ilag med barna. Stille spørsmål som opnar for refleksjon og bidreg til utvikling.▪ la barna få utforske og gjere ting sjølv i størst mogleg grad.▪ læring gjennom å stimulere sansane til barna.

Dei 7 fagområda i Rammeplan for barnehagar:

Dei 7 fagområda som vert skrive om under er henta frå Rammeplan for barnehagen, du kan lese meir om dei der om du treng det. På storbarn bygg ein vidare på det småbarn har gjort i ei naturleg læringskurve og utvikling.

Kommunikasjon språk og tekst:

Småbarnavdeling:	Storbarn avdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ høgtlesing kvar dag▪ gi barna kjennskap til kjende barnesongar, dikt, rim og regler▪ gode samtalar under samling, måltid og elles i kvardag med fokus på omgrep.▪ støtte barna og lære dei å lese kroppsspråket til andre og utvikle verbalspråk.	<ul style="list-style-type: none">▪ høgtlesing kvar dag.▪ samtale og dialog på samlingstunda.▪ omgrepstrening(t.d. preposisjonar, fargar, mengd og former).▪ bruke song, dikt, rim og regler.▪ trene på å bruke språket til å lage relasjonar og deltaking i leik samt som reiskap til å løyse konflikter.▪ utforsking av skriftspråk.

Kunst, kultur og kreativitet

Småbarnsavdeling:	Storbarnavdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ oppleve kulturelt mangfald og tradisjonar.▪ oppleve meistring ved å bli kjend med ulike formingsmatriell.▪ song og bevegelsar til musikk.▪ bli kjent med eventyr og dramatisering.	<ul style="list-style-type: none">▪ bruke variert materiale frå naturen.▪ vere med på bok-prosjektet til Ivar Aasen-tunet.▪ legge til rette for skapande og kreative prosessar.▪ bruke ulike materiale og teknikkar.▪ fantasere og dramatisere i lag med barna.▪ la barna få kjennskap til nye og gamle versjonar av tradisjonelle barneleikar.

Kropp, rørsle, mat og helse

Småbarnavdeling:	Storbarnavdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ varierte måltid.▪ la barna bli trygge på eigen kropp gjennom sansestimulering.▪ la barna få prøve sjølve ved påkledning.▪ øve på grov- og finmotoriske ferdigheiter.▪ aktive vaksne som inspirerer.▪ øve på gode hygienevanar.	<ul style="list-style-type: none">▪ motoriske utfordringar både inne og ute.▪ turar i skog og mark.▪ variert kosthald▪ varmtmåltid▪ stimulere dei ulike sansane.▪ øve på do-gåing i barnehagen og gode hygienevanar.

Etikk, religion og filosofi

Småbarnsavdeling:	Storbarnsavdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ fokus på respekt og likeverd.▪ barna skal introduserast for gode normer og verdiar.▪ støtte opp om gode vennskap.▪ la barna få kjennskap til dei ulike tradisjonane og høgtidene som er representert i barnegruppa.	<ul style="list-style-type: none">▪ høgtidsmarkeringar knytt til dei ulike religionane som er representert på avdelinga.▪ filosofiske samtalar med barna.▪ ta seg tid til å undre over det ein finn og ser ilag med barna. Skape forståing og toleranse for at vi er ulike, og at det finst ulike måtar å leve saman på.

Natur, miljø og teknologi

Småbarnsavdeling:	Storbarnsavdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ oppleve naturen på nært hald.▪ turar i ulent terreng og ute i all slags vær.▪ gryande kjennskap til dei ulike årstidene og ulike fenomena i naturen.▪ gryande kjennskap om dyr og dyreliv.	<ul style="list-style-type: none">▪ leik og utfolding i ulike biotopar i naturen.▪ berekraftig utvikling, kildesortering og miljøvern.▪ gi barne kjennskap til dyr og dyreliv i Noreg og resten av verda.▪ ta i bruk i-pad, appar og kamera på td. turar.

Mengd, rom og form

Småbarnsavdeling:	Storbarnsavdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ introdusere tal, teljing, sortering og mønster i kvardagen.▪ sortere leikene i hyllene.▪ kjennskap til formene trekant, firkant og sirkel.▪ legge opp til aktivitetar som legg vekt på sansar, kropp og romforståing. Td. Finne plassen sion i garderobe og finne stolen sin.	<ul style="list-style-type: none">▪ kjennskap til ulike matematiske omgrep (mengde, form og tid).▪ barna får kjennskap til telling, sortering og kategorisering i kvardagen.▪ trene på tal og former i kvardagssituasjonane.▪ ulike brettspel, enkle matematiske leikar og regelleikar.▪ kjennskap til ulike omgrep rundt form, tid og mengd.▪ vi bruker gymsalen til aktivitetar som bygg opp under utviklinga av romforståing, berekning av fart, styrke og avstand.

Nærmiljø og samfunn

Småbarnsavdeling:	Storbarnsavdeling:
<ul style="list-style-type: none">▪ verte kjende med ulike turområder i nærmiljøet til barnehagen.▪ få gryande kjennskap til samisk kultur.	<ul style="list-style-type: none">▪ besøke ulike samfunnsinstisjonar i nærmiljøet som t.d. bibliotek, brannstasjon, gardar.▪ vi oppmodar barna til å vere aktive i eigen kvardag.▪ barna får medverke i forhal til tema.▪ markerer samefolkets dag 6.2.▪ samanliknar og samtalar med barna rundt ulike familjeformer.▪ introduserer barna for ulike yrker.

13. Sosiale media

Barnehagen nyttar KIDPLAN til å minne foreldre på planleggingsdagar, foreldremøte osv. Alle foreldre bør laste ned appen KIDPLAN og logge seg på der. Her kan de få varsel på telefonen når det blir lagt ut noko nytt angående ditt barn.

[Ny personvernlov 2018](#) gjeld både i arbeidet med formidling av informasjon i sosiale media, men også i plan-dokument, foreldresamtalar, skriv m.m.

14. Tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte.

Av og til treng barn ekstra tilrettelegging for å kunne utvikle seg på best mogleg måte. Det er viktig at barnehagen og føresette opprettar eit tett samarbeid så tidleg som mogleg. Barnehagen samarbeider med føresette og andre instansar dersom barn har spesielle behov for tilrettelegging. Barnehagen har bygd opp kompetanse innanfor ulike felt av tilrettelegging som til dømes ASK (alternativ supplerande kommunikasjon). Her er det enkeltpersonar som har fått opplæringa. Enkelte har også fått kurs i teikn til tale og anna relevant fagleg kompetanse. Når det er behov for det får personalet opplæring frå eksterne instansar.

[På Ørsta kommune](#) sine heimesider finn ein informasjon om helsestasjon, PPT, fysioterapeut, m.m. som kan nyttast. Her finn du og link til BTI [Betre Tverrfagleg Innsats – Ørsta kommune \(orsta.kommune.no\)](#) Om våren søker ein kommunen om ressursar etter [barnehagelova §2 og §31 og §37](#) Nyttar ein § 31/37 må PPT kome med ei sakkunnig vurdering



15. Samarbeidspartar

«Tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for at barn og unge skal få det tilbod og oppfølging dei skal ha» jf. Meld.St.24 Fremtidens barnehage (10.4).

I vår barnehage har vi samarbeid med mange ulike instansar, - til barna sitt beste -.

Vi gjer merksam på at dersom andre instansar vert tekne inn i ei sak, vil foreldra vere informert om dette. Unntak frå dette er dersom det er mistanke om at barn vert utsett for vald eller misbruk.

Her kjem ei oversikt over nokre samarbeidspartar vi har.

- Helsestasjon
- Ørsta kommune, oppvekstsjef, barnehagemynde og rådgjevar.
- Spesial og støttepedagogisk team i Ørsta kommune
- BUP
- Spesialpedagogisk rådgivar
- Logoped
- Tannhelse
- Legesenter
- Pedagogisk psykologisk teneste for Volda og Ørsta
- Barnevern
- Barnehabillitering
- Statped
- Nav
- Hjelpemiddelsentralen
- Skular
- Barnehagar
- Fysioterapeut
- Utdanningsbarnehage med partnerskapavtale med HVO.

16. Dokumentasjon:

Barnehagen skal dokumentere arbeidet i barnehagen. Vi dokumenterer det vi gjer i mapper til barna. Her er mellom anna personopplysningar, observasjonar, foreldresamtalar og søknader til eksterne instansar ved behov. Desse mappene er oppbevart i arkivskap og vert makulert når barnet sluttar. Anna dokumentasjon er planarbeid som til dømes årsplan, avdelingsplan, månadsplan/oversikt og ulike arbeidsdokument som ligg i filarkiv og på heimesida vår. Filarkivet er berre tilgjengeleg for tilsette. Internt i personalgruppa vurderer og dokumenterer vi arbeidet vårt gjennom refleksjonar og gruppearbeid korleis vi heile tida skal vere i utvikling og sikre kvalitet på det daglege arbeidet. Dette dokumenterast i referat og plansjar.

Til foreldra dokumenterer vi mykje av kvardagen gjennom bilder på KID-plan samt skriv om dagen i dag. På sommarfesten har vi ei utstilling der kvar avdeling lagar til og viser litt av det som ein har jobba med gjennom året, dette kan vere temaarbeid og formingsprodukt samt litt bilder. Barna får med seg si eiga teiknemappe når dei sluttar i barnehagen.

17. Relevante lover, planar og føreskrifter

- [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- Rammeplan for barnehagen <https://www.udir.no/rammeplan>
- Temahefte til Rammeplanen.
- [Støttmateriell til rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)
- Lokal Rammeplan for Ørsta kommune.
- [Lokal rammeplan for Ørstabarnehagen digital.pdf - Google Disk](#)
- Stortingsmelding nr.41
- Fremtidens barnehage Stortingsmelding nr.24
- Regjeringas handlingsplan for likestilling mellom kjønne
- Likestilling 2014
- FN's barnekonvensjon.
- <http://www.barneombudet.no/barnekonvensjonen/helekonvensjonen/>

Alle desse, samt nyaste rapportar og lover, kan ein finne på <http://www.regjeringen.no> Ørsta kommune si heimeside <http://www.orsta.kommune.no> er relevant for informasjon om barnehagetilbodet i Ørsta.



